



NR. 6

EKSTRAUTGAVE - JUNI 1996

48. ÅRG.

Tuddal kyrkje 200 år 1796 - 1996

Helsing frå Agder biskop

Det er ei stor glede å få gratulere kyrkjelyden i Tuddal med 200-årsjubileet for kyrkja.


Det seier ikkje lite om kristendomen i bygda at det har stade tri kyrkjer her, to stavkyrkjer utanom den som no er. Den fyrste stavkyrkja brann så tidleg som i 1369.

I dag er det om å gjere å take vare på denne kristenarven og føra han vidare til komande generasjonar.

Lukke til med jubileet!



Halvor Bergan



Biletet viser Tuddal kyrkje ein maidag i 1996. Det er sparsamt med skriftlege opplysningar om bygginga av kyrkja. Men året 1796 er oppgjeve som byggeår m.a. av prof. Johan Meyer i 1913. Tuddal sokneråd har vald å bruke 1796 som utgangspunkt for alderen på kyrkja, og feirer derfor i år 200-årsjubileet. Arven følger opp med dette jubileumsnummeret!


Kyrkja vår 200 år

I takksemd og vyrnad for kyrkja vår helsar vi velkommen til jubileum.

Gjennom 200 år har kyrkjehuset vore samlingsstad for tuddølane i glede og i sorg, i lengt og i lovsong.

La oss verne om kristenarven og kyrkja, for oss i dag, og for komande slekter.

**HJARTELEG
VELKOMMEN TIL
KYRKJEBILEUM I
TUDDAL !**



Tuddal sokneråd
v/ leiar Tone Stuvrud

Dei første kyrkjene i Tuddal

Det har vore kyrkjebygg i Tuddal i hundrevis av år. Ein reknar med at da noverande kyrkje vart bygd, var det den tredje kyrkja i bygda.

Den første vart truleg reist rundt 1250, i den tida ein reknar med at dei opphavlege stavkyrkjene i Hjartdal og Sauland vart bygde. Det er ulike teoriar om kvar kyrkja har stått. Ho brann ned rundt 1369. Det veit ein m. a. frå eit bispebrev frå det året, der det går fram at Ketil Karlsøn er frikjend for skuldingar om å ha sett fyr på kyrkja.

Den andre kyrkja vart truleg bygd rett etter brannen, kring 1370. Under arbeid med noverande kyrkje i 1981, fann ein restar frå denne kyrkja under golvet. Mot slutten har nok stavkyrkja vore i forfall, kanskje og for lita. Ho vart derfor truleg riven i 1790-åra.

Frå ei synfaring i 1668 er det skrive at "kyrkja med svaler og Skruv" var eit godt gudshus. På andre sida skriv prof. L. Dietrichson at det var "forfærdelig slette" utskjæringar på portalane. Portalane er forøvrig no

oppbevart i Universitetets oldsaksamling, saman med enkelte andre delar frå denne kyrkja.

Også i Tuddal fins fortsatt oppbevart restar frå kyrkja. Elles fekk Tuddal bygdetun i 1994 overbrakt frå Heddal bygdetun ein furuplank med eit utskore trerelieff. Det forestiller eit hovud med krone på - kanskje Kristus? Planken med relieffet har høyrte til i den forrige Tuddalskyrkja.

(Kjelder: A 7/76, AH, ID)

Legender og segner

Legenden om Heilag-Tov

I Tuddal skal det ha vore ein av dei som Ludvig Daae i boka "Norske helgener" kallar for bondehelgenar. Dei er personar som almogen i ei bygd har sett som heilage, og kanskje minna ved messer el.l. Dei synes alle å høre heime i Telemark. Denne bondehelgenen i Tuddal er i folketradisjonen kalt Heilag-Tov, eller Den helige Tove. Han er nevnt i eit bispebrev frå 1369, i samband med frikjenninga av han som var skulda for at stavkyrkja brann ned.

Heilag-Tov skal ha budd i ein kove (hytte) nær kyrkja. Etter at han var død, skal han ha ligge i ei kiste opphengt i jarnlenker inne i koven. L. Daae meiner Heilag-Tov kan ha vore ein from einebuar, slik ein kjenner frå gamle helgensagaer.

Segna om dei 5 trolle

Før den første kyrkja vart bygd i Tuddal, budde 5 troll i dei høgste berga i bygda. Dette var Lurv i Lønås, Hakje-Pett i Hovdås, Sjuke-Knut i Njuke, Bøyg i Bodik og Flyks i Flugonfjellet. Dei likte dårleg den nye kyrkja, særleg klangen av kyrkjeklokkene. Derfor freista dei kaste stein etter henne. Dei råka ikkje. Ein stein vart liggande på Bøen, ein i Kyrkjeåo, ein sud i Bjårvatn, ein ved det som i vår tid vart Hovde-Sønderland skule. Den femte vart ikkje kasta, da trollet sprakk i solrenninga. Den steinen ligg framleis i lia ovanfor Tjønn.

(Kjelder: A 7/76, AH, GHG)

Kyrkjebygget gjennom 200 år

Sidan kyrkja vart bygd, har det skjedd smått og stort av arbeid, ombyggingar osb. på sjølve bygget. Det vi har hatt praktisk høve til å finne opplysningar om i denne omgang, er mest frå dei siste ca. 70 åra. (Kjeldene vi har brukt, står til slutt i kvart avsnitt.)

1796

Halvor Høgkasin bygger kyrkja. Ho er ei lafta krosskyrkje, seinare panelt utvendig. Høgkasin gjekk i lære hos den kjende Jarand Rønjom, og bygde også Hjartdal kyrkje. (AH, JM, CNS)

1809

Biskopen i Kristiansand skriv i 1809 at sogneprest Lind i Hjartdal har "...indberettet at den af nye opbygte Tuddals Kirke nu var saa færdig at den kunde indvies". Frå ei kyrkjebok går det fram at kyrkja så vart innvigd 9. juli 1809. Andre teoriar har vore at innviinga var i 1812. (A 7/76, AM, ID, SK)

1876

Tårnet på kyrkja vert ombygd. Før sto ringaren midt inne i kyrkja og drog i klokkeleipet. Truleg vert det og sett inn større vindauge samtidig med tårnombygginga. Årstalet 1876 står i værhanen på kyrkjetårnet. (A 7/76)

1881

Dette året vert det samla inn pengar til ovn i kyrkja. (ID)

1930

Kyrkja vert måla innvendig. (SRP)

1955

Elektrisk straum vert innlagt. (SRP)

1957

Kyrkja vert måla innvendig. (SRP)

1958

Det vert bygd nytt sakristi, lagt nytt tak og isolert. (AH, SRP)

1950-talet

Kyrkjebenkane vert ombygd, og elektrisk oppvarming innlagt. (A 6/56, SRP)

1965

Bårehus vert bygd på andre sida av vegen for kyrkja. (A 3/65)

1966

Flomlys vert installert, for utvendig belysning av kyrkja. (A 8/66)

1968

Kyrkjegarden vert utvida eit mindre stykke nordover. (A 6/68)

1975

Vindauga vert skifta ut med nye, doble vindauge. Samtundes vert dørar mot aust bytta ut med ei breiare dør. Etter dette vert kister borne ut her ved gravferder. (A 9/75, SRP)

1980

Dåpssakristi og prestesakristi vert pussa opp, m.a. med nye teppe, nytt elektrisk utstyr m.m. (A 9/80, SRP)

1981

Det vert lagt nytt golv, med isolasjon, og med påfølgjande måling av golv og benker. (A 4/81, A 7/81, SRP)

1984

Kyrkja får eit rom i den nye skulen, for lager og WC. Utanfor vert det laga inngang/port frå kyrkjegarden. (A 10/84)

1991

Kyrkjegarden vert oppmålt. Vedtak om omregulering av gravene. (A 8/93)

1993

Ny vassledning vert lagt på kyrkjegarden for vatn til kyrkja og til fleire vasspostar. Bakken vert jamna og planert. (A 8/93)

1995

Det vert høve til å bruke skuleparkeringa som parkering for kyrkja. Nytt gjerde rundt kyrkjegarden ferdig. (BK)

1996

Enkel oppussing innvendig. Installert alarmanlegg, mot brann og tjuveri. (BK)

Kyrjeklokkene

Det er 2 klokker i kyrkja i dag. Den eine er frå mellomalderen. Den andre er faktisk 100 år i år, da ho vart laga hos Olsen-Nauen klokkestøperi i 1896.

Melodi i klokkene og rytme i ringinga ga ofte opphav til folkelege regler og rim. Olav A. Stuvrud har fått fortalt frå far sin at dei gamle i Tuddal syntes klokkene lydde slik:

Guri Trandeim
Tosten Langbein
Makjen din
ligg att i Møsvatn

(Kjelder: AHR, TS)

Orgel i kyrkja

Det første orgelet i Tuddal kyrkje kom rundt 1930 - etter måten seint, i høve til andre kyrkjer. Orgelet var ikkje eit tradisjonelt kyrkjeorgel, men eit enklare harmonium. Mykje av kostnadane vart dekte av Ungdomslaget Fram. Rundt 1960 vart det bytta ut i eit nytt harmonium.

I høve 200-årsjubileet opprettar kyrkjelyden no eit orgelfond med sikte på å få eit nytt og betre orgel.

(Kjelder: AH, AHR, SRP)

Menighetshuset

I 1950 starta ein komite i kyrkjelyden å reise et menighetshus. Ein såg at kyrkjeromet åleine ikkje kunne dekke alle behov i kyrkjelydsarbeidet. Huset kosta mye dugnad og pengeinnsamling. I 1959 vart det tatt i bruk. Det romma storsal, veslesal og kjøken, og fekk leilighet og møterom i 2. etg., samt toalett i kjellaren. I 1990-åra har huset fått handicaptoalett, og leiligheita i 2. etasje er utbetra.

(Kjelder: A 2/50, A 3/70, BK)

Biletet: Tuddal menighetshus, mai 1996



Den gamle altertavla attende til Tuddal

Den gamle altertavla frå Tuddal kjem attende til bygda i løpet av jubileumsåret. Tavla, som har krossfestinga av Jesus som motiv, skal få ein verdig plass i kyrkjeromet.

Altertavla har vore i privat eige i Oslo. Noverande eigar Therese Serck-Hanssen har gitt ho i gåve til kyrkja i høve jubileet. Riksantikvaren vurderer altertavla som eit eksempel på barokk

bondekunst. (I Noreg varte barokken frå ca. 1650 til ca. 1760.)

Vi kan sitere kva tidlegare sokneprest Clausen skreiv i Arven i 1976: "...Dette er bildet ... eders fedre og mødre møtte ved kyrkjegang i Tuddal. Det har stemt sinnene til andakt og stillhet. Det har vært et kall til omvendelse og tro. Det har gitt trøst i tunge tider og i dødens nød."

Biletet er frå heimen til Therese Serck-Hanssen i Oslo, i mai 1996. Ho står sjølv til høgre for den gamle altertavla. Til v. er Sigrd Christie frå Riksantikvaren. Tilstades, men ikkje med på biletet, var og Brita Nyqvist og Hans Egede Nissen frå Riksantikvaren, og sokneprest Bjarne Kleivane.



Utstyr og gjenstandar

I ei kyrkje er det gjerne behov for ein del gjenstandar - til liturgisk bruk, av praktiske grunnar eller rett og slett fordi ein vil forskjønne kyrkjeromet.

I Tuddal har det meste av dette gjennom åra vorte gitt som private gåver, frå einskildpersonar eller frå lag og foreiningar. Dette syner at mange i bygda har kjent omsorg for kyrkja.

Det vil føre for langt her å rekne opp namna på alle dei som har vore med og gitt, og kven som har laga gjenstandane. Men vi kan likevel som eit døme nevne at Tuddal bondekvinnelag er av dei som ofte har ytt gåver.

Kyrkja har i dag følgjande gjenstandar og utstyr:


Dåpsfat i messing (1500-talet), døpefont (1796), dåpskanne i sølv (1971), dåpsfat i sølv (1972). Tre-skuffe til jordfesting (1747). Kalk og oblat-ask (1600-talet), beger (1866), særkalkar (ca. 1935), dukar til dei to små borda (1977), kalkklede (1991). Messehaglar, 3 stk. (ukjent alder, 1933, 1973). Altartavle "Jesus velsignar dei små barna" (1933), 2 altardukar (1929, 1972), 2 altarlysestakar (1700-talet; det fins også 2 frå 1600-talet og 2 til frå 1700-talet). Lysekrone og lamper (1936). Skinntrekk på prestens knefall ved

altaret (1934), på altarring og preikestol (1981). Flagg (1973). Lesepult ved opplesning (1985). Adventsstakar i tre (1985). Jærstolar, 15 stk. (1986). Høgtalaranlegg (1988).

I 1980 vart det gitt pengar til sakristia, m.a. til stolar, bord, skrivepult, golvteppe.

(Kjelder: A 7/91, AHR, SRP)

Biletet: Interiør i Tuddal kyrkje, mai 1996



Prestevegen og "Prestegarden"

Hjartdal var tidlegare hovudsokn. Sjølv prestegarden låg derfor i Hjartdal, på garden Holm. Slik var det fram til 1860. Da vart prestebustaden flytta til Sauland. Dette var tilnærma samstundes med at den nye kyrkja i

Sauland sto ferdig og Gransherad vart skilt frå i eit nytt prestegjeld (1859).

For å kome til Tuddal før denne tida, har soknepresten på sommars-tid brukt ein ferdselsveg frå Hjartdal over fjell- og stulsområde til Tuddal. Turen gjekk føre seg med hest eller til fots. I dag er vegen rydda på nytt som turveg.

I Tuddal har garden Øverland, eller "Prestegarden", som ligg rett attmed kyrkja, vore i kyrkjeleg eige fram til 1853. Presten budde ikkje fast her, men har iallfall ei tid brukt Kyrkjestugo, som sto til 1880-åra, når han var i bygda. Etter denne tida har prestens fortsatt hatt overnattingsrom i Tuddal, som herredet (kommunen) hadde ansvaret for. Akkurat kor dette var, har vi ikkje fått skaffa opplysningar om. Så seint som i 1926 ser ein i brev frå sokneprest Thistal at han tar opp tilhøva med "prestens herberge" i Tuddal.

(Kjelder: GKK I, GKK II, KB)



Biletet er frå 1907. Tuddal kyrkje med "prestegarden" Øverland bakanfor.
(Foto: Narve Skarpmoen, TN)

Prestar i tida 1796 - 1996

Den første presten her som er skriftleg omtalt, er Kietil Ivarssøn, nevnt m.a. i 1427. Det fins få nedskrivne opplysningar om prestane. I 1796-1996 har det vore 18 (19) prestar (nevnt her, med virketida i parentes).

Christian S. Bloch (1794-1806)

Bloch var svakeleg i dei seinare åra her, av di han hadde fått slag. Men biskopen skriv i 1801 at han var en "dueleg embetsmann i sin ungdom".

Johannes Henric Lind (1806-1819)

Lind var her i 13 år, fram til han døydde. Det går fram at han i tida her har søkt ein del ledige kall andre stader.

Herman C. Meldahl (1819-1828)

Små inntekter av jorbruket og heller lite i tiend sette ofte prestane i pengeknipe. Det går klart fram at Meldahl hadde slike problem. I 1807 skriv likevel prosten at Meldahl "lægger Vind på at forrette sitt Embede med Duelighet".

Søren H. Finchenhagen (1828-1857)

Finchenhagen var her i heile 29 år. Første kona døydde ung. I sine to ekteskap fekk han 17 barn, 11 levde opp. Han var hemma av dårleg hørsel, lærd og noko streng, men kom tåleg godt utav det med bygdefolket.

Adolph J. Boye (1858-1859)

Boye var her på den tida Sauland kyrkje vart ferdig og Gransherad vart skilt frå i eit nytt prestegjeld.

Carl A. Lexow (1859-1874)

Han vart den første presten som budde på og dreiv prestegarden i Sauland. Han blei godt kjent med bygdefolket, og var og ein flink bonde.

Boye Ording (1874-1880)

Ording var og prost i prostiet.

Ole Asperheim (1880-1884)

Han var først prest i USA, men kom tilbake til Noreg, som prest i Hjartdal. Dårlege vegar og stor snø sleit på den hjartevake presten, som slutta her etter 4 år.

Peter H. Lexow (1884-1911)

Han var søn til C.A. Lexow, tidlegare prest her, og hadde derfor budd her før. Han var aktiv i "styr og stell" - skipa misjonsforeining, var med i helselaget, dreiv songkor, handla med skog, eigde garden Tjønnås og var med og bygde nåværande Tuddal høvfjellshotell. Han var og prost ei tid.

Johan Th. Thistal (1911-1928)

Thistal var ein skarp kar. Han følgde m.a. godt med i skulestellet, der det og hende at han gav pedagogiske råd.

Halvor B. Sigurdson (1929-1934)

Sigurdson var m.a. med og fekk reist Sauland menighetshus.

Konrad Oudenstad (1934- 1935)

Han var vikarprest i ca. 1/2 år.

Christoffer K. Kobro (1935-1948)

Han var her og under krigen, men vart bortvist i mai 1944. Da vart Flatin tilsett i Kobros stad. Kobro kom att som prest ved freden i 1945.

Aasulv Austad (1948-1969)

I Hjartdal starta Austad kyrkjelyds-bladet Arven i 1949. Austad var i tida si her prost for Aust-Telemark i 10 år.

Kjell Clausen (1969-1977)

Clausen er fødd i India, og har også sjølv vore misjonær der i fleire år. Etter åra i Hjartdal har han ofte vore på hytta i Tuddal, og også vikariert for sokneprest Kleivane.

Knut Flø (1977-1983)

Han skriv i eit brev at han som sunnmøring her fekk møte Telemarkskulturen i kombinasjon med den åndelege påverknaden frå Langesunds-fjorden Indremisjonsselskap.

Bjarne Kleivane (1983-)

Før Kleivane kom hit, har han vore prest i Malvik og Vadsø. Han har og undervist i ungdomsskule/ vidaregåande skule, og gjennomgått kurs og utanlands studieopphald. Han er gift med tannlege Aud Kleivane f. Netland. Dei har 4 born.

(Kjelder: AH, BK)

Dei tilsette ved Tuddal kyrkje

I Den norske kyrkja har behova gjort at det i dag er fleire stillingstypar ved den einskilde kyrkja enn for 200 år sidan. Endringane har kome etter kvart. Av praktiske årsaker har vi derfor tatt eit anna "rundt tal" som utgangspunkt, og ført opp dei som i tillegg til presten har vore tilsett dei siste 50 åra i Tuddal. (Stillingane er større og mindre deltidsstillingar).

Utanom dei tilsette, har det i

årtier og vore ein vald kyrkjeverje, til ca.1990. Da vart det oppretta ei kommunal deltids kyrkjeverjestilling for heile kommunen. Der er førebels ingen tilsett, men arbeidet har til no delvis vore lagt til teknisk etat.

Det vert også nedlagt mye arbeid frå det valde soknerådet og fellesrådet si side, der det er val kvart 4.år. Soknerådet som institusjon i Noreg vart oppretta frå 1920.



Øvrige tilsette dei siste 50 år (1946-1996)

Klokkar

Olav Sjøåsen (1930-1978)
Tone Hovde (1978-1987)
Ingebjørg Flugon (1987-)

Kyrkjjetenar

Hans Landsverk (1943-47)
Jon Tveiten (1947- 1950)
Hans Landsverk (1950-1958)
Hølje Landsverk (1958-1963?)
Jon Tveiten (1963-1989)
Olav Aakre (1989-)

Organistteneste

Kari Hovde (1931-1972)
Hanne Kjersti Buen (1972-1975)
Inger Johanne Jore (1975-1977)
Div. vikarar (1977-1980)
Ruth Sundvor (1980-1994)
Torild M. Skårdal (1994-1995)
Torild M. Skårdal (fung.) (1995-)

(Kjelder: A, SRP)

Biletet frå konfirmasjonssøndagen 12.mai 1996 viser dei noverande tilsette ved Tuddal kyrkje:

Frå v. sokneprest Bjarne Kleivane, kyrkjjetenar/ gravar Olav Aakre, klokkar Ingebjørg Flugon, fung. organist Torild Møinichen Skårdal.

“I kyrkja - men ikkje under kyrkja”

Kristeleg organisasjonsarbeid i Tuddal

I rundt 150 år har det i Noreg vore kristne organisasjonar og “arbeidslag” som har drive kristent arbeid utan å ligge direkte under Den norske kyrkja sitt styre. Dei er pga. trusgrunnlaget sitt likevel rekna som ein del av den norske kyrkja. Dette er ofte kalla å vere “i kyrkja, men ikkje under kyrkja”. Mykje av arbeidet er tufta på frivillige medarbeidarar, t.d. som medlemmar i misjonsforeiningar.

Slik er det også i Tuddal. Der er det i dag følgjande arbeid i gang:

Søndagsskulen

Søndagsskulen i Tuddal har i dag 10 - 13 barn som deltakarar. Dei er i alderen 4-5 til 12 år, og samlast kvar 14. dag.

Leiarar er Ingjerd Hovde, Inger Elisabeth Raastad, Solveig Stuvrud og Tone Stuvrud.

Indremisjonen

Dette laget har rundt 10 medlemmar, og samlast til møte i heimane 8-10 gongar i året. Indremisjonen og mi-

sjonssambandsforeininga arrangerer kvart år juletreffest saman i bygda.

Leiar er Solveig Stuvrud.

Norsk Luthersk Misjonssamband

På sentralt nivå driv NLM skular, barnehagar, leirstadar og radio-stasjonar. NLM har misjonærar i Asia, Afrika og Sør-Amerika.

Tuddal sitt lokallag samlar m.a. inn pengar til dette arbeidet. Det er nå 6 medlemmar, som samlast til møte i heimane. Dei har og basar om våren og fest på hausten, på Misjonshuset.

Leiar er Tora Kåsa.

Det norske misjonsforbund

Misjonsforbundet i Noreg har eigne kyrkjelydar, der mange også er medlemmar av Den norske kyrkja. Forbundet driv m.a. misjon i ein del land, og har t.d. også bibelskule.

Sidan forbundet på mange vis står så nær Den norske kyrkja, nemner vi det her i denne samanhengen.

I Tuddal har dei sitt eige hus, Mis-


jonshuset. Der er det møte og festsamlingar.

Leiar er Olav Kasin.

(Kjelder: AGM, TS)

Biletet: Frå ei kristen kyrkje i Thailand. Enkelt formulert kan ein seie at kristen misjon er å dele trua på Jesus med andre. Slik er og Tuddal med i denne verdsvide samanhengen.

(Foto: John S. Dale)



Døpt og konfirmert



Dåpen

Eit kyrkjebygg er ei ytre ramme kring forsamlinga av kristne. Men det å bli tatt inn i den eigentlege kristne kyrkja, åndeleg sett, skjer gjennom dåpen. Allereie dei første kristne kyrkjelydar brukte dåp, mellom anna ut frå Jesu befaling i Matteusevangeliet. Barnedåp, med full neddykking, vart alminneleg på 200-tallet, medan det rundt tusen år seinare vart vanleg å ause vatn over hovudet på barnet. I Den norske kyrkja praktiserast barnedåp.

Dåp i Tuddal

Så har barn gjennom generasjonar også i Tuddal vorte døypte inn i den kristne kyrkja. No ved kyrkjejubileet er 102 år gamle Mari Kasin Rue den eldste døypte frå Tuddal som lever. Ho høyrer i seg sjøl til eit lite stykke historie i Tuddal. "Eg er heimedøypt, eg", sa ho da Arven ville ta bilete av henne til jubileumsbladet. Og heimedåp skjedde ofte før i Tuddal, før bilens tid, med tunge vegar og lange avstandar. Var ein unge t.d. sjuk, og det ville bli vanskeleg for presten å rekke fram, kunne ein døype ungen heime, og få det stadfesta i kyrkja seinare.

Mari vart fødd 6. juni 1894, og heimedøypt 25. juni av O.H. Dalen, medan dåpen vart stadfesta i kyrkja 29. juli. Det var Peter H. Lexow som var prest på den tida.



Øverst: Mari Kasin Rue, eldste døypte i Tuddal i jubileumsåret. Her på aldersheimen i Sauland i mai 1996.
Over: Heidi Marie Grøgård 12. mai 1996, yngst av dei døypte i Tuddal.
Til h.: Konfirmant Terje Hovde Kaasa

Den yngste som er døypt i Tuddal, er døypt nå i jubileumsåret. Ho heiter Heidi Marie Grøgård og vart døypt 12. mai, under same gudstenesta som det var konfirmasjon.


Konfirmasjon

Konfirmasjon vart innført i 1736 i Noreg. I mange år, særleg før skulevesenet kom ordentlig i system, vart det i Den norske kyrkja lagt sterk vekt på kunnskapsdelen av kristen-trua.

I seinare tid er det lagt meir vekt på konfirmasjonstida som ei tid for å styrke dei døypte ungdomane i den kristen-trua dei er døypt inn i. Dei får og ei innføring i livet i kyrkjelyden og det kristne livet i det heile. Sjølv konfirmasjonsdagen er meir å rekne for ei avslutning av konfirmasjonstida, og også som ei forbønshandling for dei einskilde konfirmantane.

Konfirmantar i Tuddal

Det bruker vere fleire, men i jubileumsåret 1996 er det berre ein konfirmant i Tuddal. Han vart konfirmert den 12. mai, og heiter Terje Hovde Kaasa.



Stort og smått av hendingar

Også i kyrkja er det det jamne, kjende arbeidet det er mest av, og som kanskje mest burde vore omtalt. Men her skal vi istaden sjå på enkelte hendingar som har vore meir særskilde, eller som har brakt noko nytt. Vi har da brukt soknerådsprotokollen i Tuddal (frå 1922 og frametter) som kjelde.

Liberal teologi

Kanskje særleg mellomkrigstida i Noreg var ein del prega av liberal teologi. Ein reaksjon på det kan vi sjå her lokalt ved tilsetjing av ny prest både i 1928 og i 1935. T.d. uttaler soknerådet i 1928 at "... det ikkje må verte utnemnt nokon som hev sympati for den liberale teologi. ..." Dei ønskjer H. B. Sigurdson tilsett - noko han og vart.

Nynorsk salmebok og liturgi

På kyrkjelydsmøte i 1930 vart det vedteke å gå over til nynorsk salmebok og liturgi. Det var 42 røyster mot 0 for nynorsk salmebok, 41 mot 14 for nynorsk liturgi.

Krigen

Det er ikkje mange protokollførte soknerådsmøte frå denne tida. Men m.a. stor soknerådet i 1941 hyrdebrevet frå biskopane. Rådet uttaler at "...her grip styresmaktene urettvist inn i det kyrkjelege teneste- og maktområde åt biskopane og legg vanskar i vegen for deira samband med presten og kyrkjelyden..." Seinare i 1941 protesterer soknerådet mot at "...kyrkjeklokkune i kyrkja vår vert tekne. ... (Dei) er korkje staten eller heradet

sitt eige, men høyrer kyrkjelyden til."

Konfirmantar

Kvite kapper til bruk på konfirmasjonssøndagen vart tatt i bruk i 1957.

Markering for 50-årskonfirmantar synes å ha skjedd første gong i 1966.

Ny-testamente og Biblar

Vi veit ikkje sikkert når tradisjonane starta med å dele ut NT til konfirmantane og Bibel til brudepar. Men iallfall tilbake i 1930 vart dette gjort.

Kyrkja som skogbrukar

Tuddalskyrkja eig noko skog, som soknerådet år om anna har litt inntekt av til kyrkjelydsarbeidet. I 1983 vart det vedtatt å lage driftsplan for skogen saman med Telemark tømmersalslag.

Kyrkja - meir enn eit hus

Med glede kan vi feire jubileum for kyrkja vår. Kyrkja i Noreg er gammal, - 1000 år. Det tok tid før kristentrua kom og slo rot i landet vårt. Men vi syng med takk til Gud: "Du sende ditt ord til Noregs fjell, og ljøs over landet strøymde."

Menneske kom til tru ved forkynninga av Ordet og bruk av sakramenta. Kyrkja var blitt til og planta her. Det blei kristenliv. Og etter kvart vart det sett opp kyrkjehus omkring i landet.

Vi veit ikkje sikkert når kyrkja kom til Tuddal, - når kristentrua slo rot hos dei første. Men den første kyrkja skal ha brunne i 1369. Då hadde det ei tid også vore ein kyrkjelyd, "bygde av levande steinar."

Frå begynnelsen er dei kristne komne saman for å ta imot nådemidla, - for å takke og tilbe. Dei har komme saman i ulike hus og stader. Men så fort dei har makta det, sette dei opp eit eige hus, innvigd til Herrens ære. Det var ikkje lenge etter den første kyrkja var borte, før den andre kyrkja vart bygd i dalen, sjøl om det var mange ting dei hadde trong for. Og

slik var det nok for 200 år sidan også.

Kyrkjehuset vårt har stått sentralt i kyrkjelyden sitt liv gjennom generasjonane. Og sentralt i bygda. Mange er dei som har søkt dit på dei vanlege messesøndagane. Ikkje alltid så mange av gongen. Men ein flokk samla om ord og sakrament. Ved dei ulike høgtidsdagar, og merkedagar i familiane, har samlinga i kyrkja vore og er viktig. På ulik vis er det gjeve uttrykk for det.

Kyrkja vår er ikkje bare "eit gammalt hus". Ho er også "så ljost eit hus. Aldri ho angar av elde." Der er godt å vere. Vi kommer nær kvarandre. Vi kjenner slektskapet med generasjonane. Vi får påminning om samanhengen vi står i til vår Skapar og Frelsar. Og til våre medmenneske.

Kyrkerommet, tonane, salmane, liturgien, det leste og utlagte evangelium taler på ulikt vis. Men det vil seie oss at Gud vil ha med oss å gjøre. Der vi er og slik vi er. Han byr oss nådens middel.

Vi har fått alarmanlegg. Det skal varsle om brann og inntrengingar med vondt i tanke. Kyrjeklokkene kallar


oss saman til fred. Og seier velkomen, same kva slags tankar ein har.

La oss håpe og be om at kyrka vår får vere eit ope hus som mennesker søker til. Der vi saman, og kvar for oss, kan ta imot det Herren vil gje oss, - og tilbe og takke han. Så vil Herren gi mot, kraft og veileiing for dagen og dagane. - Han byr oss samfunn med seg for tid og æve.

*Gjeve då Gud, der me skal bu,
alltid når klokkene lokkar,
folket i samlynd kristentru
glade i kyrkja seg flokkar.
"Verda vel ei, men de meg ser;
alt som eg seier, sjå det skjer!
Fred vere over dykk alle!"*

(Frå "Kyrkja ho er eit gammalt hus",
N.F.S. Grundtvig, Norsk salmebok)

Bjarne Kleivane, sokneprest



Ny kyrkjelov i Tuddal kyrkje sitt jubileumsår

Ny kyrkjelov

I jubileumsåret for Tuddalskyrkja kan det høve å ta med litt om ei anna kyrkjeleg hending av historisk betydning dette året. Den er på riksplan, men med følgjer for alle lokale kyrkjelydar. Stortinget har i år vedteke ein ny kyrkjelov, og også ein ny gravferdslov.

Med desse nye lovene har ein samstundes også "kvitta seg" med 13 gamle lover.

Hovudsaka i lova

Det mest grunnleggjande med den nye kyrkjelova på lokalplan er at det nå berre er dei kyrkjelege organa sjølve - sokneråd og fellesråd - som heretter skal representere kyrkja. Før var dette delt på kyrkja og kommunestyret. M.a. var arbeidsgjevaransvaret for kyrkjeleg tilsette delt mellom kyrkja og kommunen.


Fellesrådet som lokalt styre

Nå skal styringsansvaret liggje hos det kyrkjelege fellesrådet. Fellesrådet vert dermed også eit utvalg som må etablerast i alle kommuner med meir enn ein kyrkjelyd.

Det som likevel vert som før, er at det økonomiske ansvaret for drift av kyrkje og kyrkjegard vil liggje på kommunen.

I og med at fellesrådet nå får mye meir ansvar og myndigheit, inneber den nye lova også at alle fellesråd skal tilsette ein dagleg leiar.

I 1990 fekk Den norske kyrkja sin "logo", eller våpen. Korssymbolet er lagt over Heilag Olavs martyrkors, som Olav vart drept av. Gjennom nederlag seirer evangeliet, ikkje ved makt og triumf.



Menighetsrådet (soknerådet) skal oppretthaldast, og får primæransvaret for det kyrkjelege arbeidet i soknet.

Endringar på sentralt nivå

På høgare administrativt nivå fører lova m.a. til at Stiftsdirleksjonen vert nedlagt. Det vert kanskje istaden oppretta ei stilling i kvart bispedømme med ansvar innan kyrkjelege bygg og anlegg.

Forventningar

Stortingskomiteen som førebudde lova har gitt uttrykk for mange forventningar til kyrkja i høve den nye lova. M.a. legg den vekt på dåpsopp-læringa. Komiteen håper også at lova vil "...legge et lovmessig grunnlag for utvikling og fornyelse av menighetens liv og øvrige virksomhet. ..."

(Kjelde: KA 2/1996)

Kyrkja vår

Olav Sjoåsen (1901-1983) var klokke i Tuddal kyrkje i nærare 48 år. Han var og lærar, og han eigde "prestegarden" Øverland rett ved kyrkja i mange år. Dette diktet som han har skrive, sto i Arven i 1970.

Vi vil verna om vår kyrkje,
så ho stend der ljøs og rein,
og med tårn mot himlen peikar,
so vi gløymer sorg og mein.
Kyrkja heim er for oss alle.
Faderhuset der vi hev.
Kvar sitt rom der må vi finna,
visst nok det av oss ho krev.

Tidleg ferdi gjekk til kyrkja.
Vi til kristnans vore var,
og i barneåri lenge fylgde
vi med mor og far.
Ja, der vart vi konfirmera,
og til nattverd og vi gjekk.
Vi vil minnast største gáva,
og den barnerett vi fekk.

Ord frå Gud vert til oss tala.
Bøn og tonar lyfter sinn,
då vi gløymer kvardagsstriden,
og vi fred og frelsa finn.
Kyrkjeklokkor kjærleg kallar
oss til helg og høgtidsfest,
og når til den siste kvila,
høyrest ho alvorleg - mest.

Om du ofte følest framand,
så kje kyrkjeveg du fer,
kan når kyrkjeklokkor kimar,
hug bli lyft så dit det ber.
Folk som før seg vill hev fare,
vart med ringjing førde heim.
Mange og i berg var bundne.
Kyrkjeklokkor løyste deim.

Lat oss trutt til kyrkja ganga,
vane god det visst nok er,
og vår tru den vil vi sanna.
Kvild og kraft vi sankar der.
Ver då gjerne tidleg ute!
Ingen av oss kom forseint!
Kom! Ver med! Sjå tidi skundar!
No, så gjeng vi vegen beint!

Helsing frå leiaren i Hjartdal fellestråd

På ei kunstutstilling for nokre år sidan vart eg stånde framføre eit blått skåp. Blåfarga var den ein kan finne i så mykje norsk folkekunst. Delar av sjølv skåpdøra var fjerna, og i dette romet var det plassert eit Kristus-andlet. Kristus var plassert i vår kvardag, inn i vårt livsrom. I Tuddal lyser den kvite kyrkja imot ein, midt i kulturlandskapet. I 200 år har ho vitna om Kvitekrust. I desse jubileumstider får landet ny kyrkjelov. Dei ytre rammene for kyrkja blir endra. Men innhaldet er det same: den levande Kristus. Den gamle bodskapen er godt nytt også i våre dagar. Tuddal kyrkje har både ei fortid og ei framtid.

Thorbjørn Aamaas



Helsing frå ordføraren i Hjartdal

Den vakre kvitmåla krosskyrkja i Tuddal har gjennom 200 år vore eit kjærnt hus for folk i bygda. I sorg og glede, i lyse og mørke dagar, har kyrkja stått der og gjeve bygdefolket trøst og lindring, kjærleik og tryggleik. Kyrkja vår, som vi alle er så glade i, har nådd sjels år og alder. Det er med stor glede eg merkar meg det engasjement som er for kyrkja, og det arbeid som er lagt ned i regi av soknerådet. I jubileumsåret har vi ei kyrkje og ein velstelt kyrkjegard som vi kan være stolte av. Eg ynskjer soknerådet til lukke med 200-årsjubileet og ser fram til to fine dagar i juni i kyrkja sitt teikn.

Torunn Hovde Kaasa



Tuddals kyrkje

I samband med kyrkjejubileet har Knut Buen skrive tre vers på L. M. Lindemanns melodi til "Kyrkja ho er eit gammalt hus".

Kyrkja ho er så ljost eit hus.
Aldri ho angar av elde.
Kyrkjåo med sitt ævesus
var oss til dåpen kjelde.
Klokkene kallar inn og ut.
Ringjer i glede og i sut
oss til det varige velde.

Kyrkja ho er eit venleg rom:
Vernar med varme veggjer.
Enkel og rein ho helsar: Kom!
Ingenting skrik og eggjer.
Nådig i kor og altargang
Jesus han tek dei små på fang.
Held i hans hår og leggjer.

Kyrkja ho er ein heilag hall
mellom det løynde og kjende.
Presten han vitnar med sitt kall:
Døden er ingen ende!
Gud til oss talar i sitt ord:
Berre ved tru det gode gror!
Under i nåde skal hende!

Program for jubileumsfeiringa

Fredag 7.juni 1996:

Tuddal kyrkje kl. 19.00:
Jubileumsverket "Tuddalsklokkun"
av Knut Buen.
Nye tekster til tradisjonelle tonar.
Medverkande:
Agnes Buen Garnås, song
Knut Arne Snøås, orgel og synth
Knut Buen, opplesing og hardingfele
Born frå Tuddal skule
Hjartdalskoret
Allsong v/ kyrkjelyden

Søndag 9.juni 1996:

Tuddal kyrkje kl. 11.00:
Jubileumsgudsteneste.
Tuddal skule ca. kl. 13.00:
Festsamvære m/ matserving.
(Søndag er også årets konfirmant og 50-årskonfirmantar særskilt innbedne)

Alle er velkomne!

Arvens jubileumsnummer om Tuddal kyrkje

Stoffet i dette bladet er ikkje noko eige historisk kjeldarbeid. Vi har istaden henta stoff frå andre publikasjonar, samt nokre munnlege opplysningar. Her er sikkert emne og opplysningar som ikkje er med, som nokon saknar. Det kan og ha kome inn feil, t.d. med årstal. Ut frå den tid og dei ressursar vi har kunna bruke, har vi likevel forsøkt å gje eit så godt oversyn som mogleg i høve jubileet.

Redaksjonen, mai 1996

Redaksjon for bladet har vore styret i Arven:
Sokneprest/redaktør Bjarne Kleivane
Tone Stuvrud (Tuddal)
Thorbjørn Aamaas (Hjartdal)
Frøydis Hagene Skoje (Sauland)

Fotografia er tekne av:
John S. Dale (NMS), Bjarne Kleivane, Narve Skarpmoen (1907), Frøydis Hagene Skoje

Kjeldeforkortingane som er nytta, er:
(mo = munnleg opplysning):

A= Arven (med nr./årstall)

AGM = Aschehougs og Gyldendals multimedialeksikon, 1995

AH= Arne Hardang, "Kyrkje- og prestesoge for Hjartdal", 1994

AHR = A.H. Rasmussen, "Våre kirker", 1993

AM = Alf Mostue, mo 1996

BK = Bjarne Kleivane, mo 1996

CNS = Christian Norberg-Schulz, artikkel i "Kunst og kultur", 1/1986

GHG= Gudrun Hovde Gvåle, artikkel i "Årbok for Telemark", 1982

GKK I = Gjertrud Kleivland Karlsrud, "Hjartdalsoga", band I Tuddal, 1987

GKK II = som over, band II Sauland, 1992

ID = Ivar Dahl, 1996

JM = Johan Meyer, "Fortidskunst i Norges bygder", 1913

KA = Bladet "Kirkeaktuelt" 2/1996

KB = Kopibok for sokneprestembetet i Hjartdal, 1921-1927

SK = Statsarkivet i Kongsberg, 21.03.1996

SRP = Tuddal sokneråds protokoller, div. år mellom 1922-1996

TN = Trygve Nes, "Hjartdal i bilder", 1992

TS = Tone Stuvrud, mo 1996